

Studiestyresak: **19/12**

Saksnr.: 2019/8064

Møte: 8. november 2019

---

---

## Studieplanendringar for studieåret 2020/2021 og vårsemesteret 2020

---

Hovudfristen for innmelding av studieplanendringar var 01. oktober 2019. For å gi fagmiljø tid til kvalitetssikring av redaksjonelle endringar på emne og studieprogram har fakultetet gitt ein ettersendingsfrist 18. oktober. Fagmiljø som har sendt inn endringar ligg vedlagt saka på [wikisida](#).

**Institutt for geovitskap** har ettersendt emneskildringar på GEOV342 og GEOV344 og vitnemålstekstar.

**Kjemisk institutt** har sendt inn forslag til nye opptakskrav til masterprogrammet i kjemi, i tillegg til læringsutbyteskildringar, vitnemålstekstar og diploma supplement for bachelorprogrammet i nanovitskap og kjemi. Instituttet varslar også om eit nytt emne MTEK320 Flow-kjemi som skal gå fyste gong våren 2021. På emnet NANO100 er det meldt inn ei redaksjonell endring i forkunnskapskrav. Programstyret for det integrerte masterprogrammet i medisinsk teknologi har også gjort ei lita oppdatering i valemne for studieprogrammet.

**Geofysisk institutt** har meldt inn redaksjonelle endringar i læringsutbytet for det integrerte masterprogrammet i energi.

**Institutt for biovitskap** har meldt inn redaksjonelle endringar på fleire emne og enkelte studieretningar. I tillegg er det meldt inn studieplan- og vitnemålstekstar for bachelor- og masterprogram i molekylærbiologi. Det er også gjort endringar i studieløpet for bachelorprogrammet i biologi der blant anna PHYS101 skal ut av spesialiseringa og inngå som obligatorisk emne.

### *Fakultetet sin kommentar*

Ein kan definere PHYS101 ut av vurderingsgrunnlaget til master dersom dykk ikkje ynskjer å bruke dette emnet. Fakultetet vil undersøke korleis ein skal setje dette opp teknisk og forskriftsmessig.

### **Fullmakt**

Fakultetet har sendt ut brev til alle studieprogram om bruk av det nye matematikkemnet MAT105 (2019/8064). Ein konsekvens av dette kan være at enkelte studieprogram ynskjer å legge til MAT105 i studieplanane. For å gjere denne prosessen smidig ber fakultetet studiestyret om fullmakt til å vedta desse endringane utan å gå igjennom studiestyret.

### **Forslag til vedtak**

**Studiestyret vedtok dei redaksjonelle endringane som alle institutt har fremja. Vidare gir studiestyret fakultetet fullmakt til å vedta endringar i studieplanar som institutt fremjar i samband med det nye matematikkemne MAT105.**

Bergen 04. november 2019 MN/STB